

Innovasjon Norge  
Postboks 448 Sentrum  
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

21/993

Dato

23. juni 2023

## **Statsbudsjettet 2023 - supplerande oppdragsbrev til Innovasjon Norge**

Vi viser til oppdragsbrev til Innovasjon Norge (IN) for 2023 fra Landbruks- og matdepartementet (LMD) av 17. mars. Departementet vil med dette brevet orientere om endringar som følgje av revidert nasjonalbudsjett jf. Prop 118 S (2022-2023) og Innst. 490 S (2022-2023) og endringar for 2023 som følgje av årets jordbruksoppgjer jf. Prop 121 S (2022-2023) og Innst 487 S (2022-2023). Brevet omfattar også oppfølgingspunktar som følgje av oppdragsbrevet av 17. mars.

### **Kapittel 1141, post 78 Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald**

På kapittel 1141, post 78 er det eit overført beløp frå 2022 til 2023 på 75,52 mill. kroner. Av dette kan Innovasjon Norge disponere 73,8 mill. kroner til ordninga med tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald til dekning av allereie gitte tilsagn på ordninga. Dei resterande 1,72 mill. kroner av det overførte beløpet er avsett til ordninga for tilskot til arbeidsretta kompetanseheving som Landbruksdirektoratet forvaltar. Det maksimale overførbare beløpet på post 78 frå 2023 til 2024 er 15,5 mill. kroner. I lys av dette blir tilsagnsfullmakta redusert til 15 mill. kroner.

### **Kapittel 1150 post 50 Landbrukets utviklingsfond**

Departementet syner til årets jordbruksoppgjer jf. Prop. 121 S (2022-223). Det er gjort følgjande endringar i ordningar forvalta av Innovasjon Norge for 2023;

### ***Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket***

Med bakgrunn i den store pågangen etter midlar over Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket er det avsett 70 mill. kroner ekstra for 2023 frå ledige midlar. Samla løying for ordninga for 2023 er med det 232 mill. kroner.

### *Investerings- og bedriftsutviklingsordninga i landbruket (IBU-ordninga)*

Med bakgrunn i det store omstettingsbehovet som følgje av krav om lausdriftsfjøs innan storfeproduksjon frå 2034 vil det bli gjort følgjande endringar i IBU-forskrifta få 1.7.2023;

- Maksimal tilskotssats for lausdrift for storfe settast til inntil 50 pst. og øvre grense for tilskott settast til inntil 5 mill. kroner.
- Bestemminga om at det ikkje er eit maksimalt tak for tilskot som i dag gjeld i Troms og Finnmark, skal også gjelde for Nordland.
- Øvre grense for tilskot til gjødsellager, lager til biorest og øvrig organisk gjødsel, samt anlegg med gjødselseparator blir heva til 250 000 kroner per prosjekt. Ved investering i felleslager for biorest blir øvre grense for tilskot sett til 200 000 kroner per landbrukseigedom.

Departementet vil oversende eit fastsettingsbrev for forskriftsendringane innan 1. juli.

### *Utgreiingar og oppfølgingsarbeid som vedkjem IN*

I årets jordbruksoppgjer blei avtalepartane samde om følgjande utgreiingar og gjennomgangar som vedkjem IN:

- I årets jordbruksoppgjer blei avtalepartane samde om at IN saman med representantar frå avtalepartane, tek ein gjennomgang av dei nasjonale føringane med sikte på målretting og forenkling. Arbeidet skal ferdigstilla innan 1.10.2023.
- I årets jordbruksoppgjer blei avtalepartane samde om at Innovasjon Norge og Landbruksdirektoratet og ev. fleire, samarbeider om ei vurdering av behov for offentleg støtte til utprøving og innfasing av mobile einingar. Det skal leverast ein skriftleg rapport innan 31.12.2023.
- Det er behov for å styrke arbeidet med strategisk utvikling og synleggjering av politikkområdet andre landbruksbaserte næringer i jordbruket. Avtalepartane er difor samde om at dagens styringsgruppe for Utviklingsprogrammet blir lagt ned, og at det blir etablert ein ny modell for eit rådgjevande utval/strategisk gruppe for programmet, som skal styrke forankringa av programmet i næringa og på politisk nivå. Gruppa skal møtes to gonger årleg. Den strategiske gruppa skal bestå av politisk nivå i LMD (leiar av gruppa), leiarar i faglaga i jordbruket og reindrifta, politisk nivå i fylkeskommunen og administrerande direktør i Innovasjon Norge.

Departementet vil komme nærmare attende til oppstart og rammer for arbeidet snarleg.

For fullstendig oversikt over føringar for ordningane over jordbruksavtala som vil gjelde frå 2024 viser vi til Prop.121 S (2021-2022) – Jordbruksoppgjøret 2023 m.m. LMD vil kome attende til dette i oppdragsbrevet til IN for 2024.

### **Kapittel 1152, post 50 tilskot til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket**

Formålet med løyvinga er etablering og drift av Bionova, og aktivitet innanfor Bionovas verkeområde. Bionova er etablert som ei eining under Innovasjon Norge, og omfattar Bioøkonomiordninga og Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Det er høg etterspurnad etter midlar til investeringar i fornybar energi i landbruket. Tilsagnsfullmakta på posten er med bakgrunn i dette auka med 40 mill. kroner til 130 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett jf. Prop 118 S (2022-2023).

### **Omfordeling av fylkesrammer for IBU-ordninga i 2023**

Enkelte fylke opplever mellom år større pågang etter investeringstilskot (IBU-ordninga) enn andre. I tråd med oppdragsbrevet av 17.3.2023 har IN oversendt forslag til omfordeling av rammer for inneverande år. Innovasjon Norge viser til at fleire kontor reknar med at etterspurnaden i løpet av året blir større enn disponible rammer. Med bakgrunn i at Troms og Finnmark har store unytta rammer og at Rogaland har lite tilgjengeleg rammer att, blir det foreslått å omfordele 17 mill. kroner frå Troms og Finnmark til Rogaland. LMD støttar INs forslag om omfordeling, og legg til grunn at omfordelinga ikkje må bremse aktiviteten i Troms og Finnmark.

Det er viktig å bruke investeringsverkemidlane for å sikre omstilling i landbruket over heile landet. Frå 2024 er avtalepartane samde om at unytta midlar ved årsskifte skal inndragast og fordelast ut igjen til samlede fylker. Fordelingsnøkkelen frå før fylkessamanslåingane skal leggjast til grunn.

### **Orientering om ny jordvernstrategi**

Stortinget har nyleg vedteke ny jordvernstrategi jf. vedlegg 9 til Prop. 121 S (2022-2023) Jordbruksoppkjøret 2023 m.m. I strategiens pkt. 2.19 Tiltak rette mot landbrukets egen nedbygging, står det at regjeringa vil vurdere krav om ei jordvernverdring i forbindelse med tilskot til oppføring av driftsbygning. Vi ber Innovasjon Norge om ei vurdering knytt til dette. Vurderinga kan inngå som eit punkt i den øvrige gjennomgangen av dei nasjonale føringane for IBU-ordninga som skal ferdigstilla innan 31.10.2023.

Med helsing

Kristin Orlund (e.f.)  
avdelingsdirektør

Siri Lothe  
Fagdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Fylkeskommunen – alle  
Klima- og miljødepartementet  
Kommunal- og distriktsdepartementet  
Landbruksdirektoratet  
Norges Bondelag  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norske Reindriftssamers Landsforbund  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Riksrevisjonen  
Statsforvalteren - alle

